

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
077/12	Formannskapet	24.09.2012	GES

Sakshandsamer: Georg Espenes

Arkivsaknr 12/736

2. TERTIALRAPPORT 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune tek tertialrapporten til etterretning.

Fusa kommune godkjenner bruk av disposisjonsfondet til å dekke følgjande meirutgifter til drift:

- Godkjenner bruk av disposisjonsfondet til dekning av skuldige feieutgifter frå 2011 med inntil kr 489 247,-.
- Fusa kommune gjer vedtak om dekning av skyldige meirutgifter til Jondal kommune i samband med klientsak med kr 288 000,-.

I tillegg løyver Fusa kommune midler til følgjande investeringsføremål:

- Kr 125 000,- vert løyvd til dekning av skuldig meirutgift for erstatning til Kleppsvegen
- Kr 200 000,- vert løyvd til dekning av meirutgift i samband med jordskredsaka på Vinnes/Skåtun.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

I. Inntektssida til kommunen (ekskl. finansinntekter) har utvikla seg slik pr. 1/9-2012 i høve til 1/9 -2011. (Tal i 1000 kr.)

	PERIODE- BUD. 2/12	PERIODE- REKN.2/12	%	PERIODE- BUD. 2/11	PERIODE- REKN.2/11	%
Skatt	55 600	51 487	93	52 799	53 333	101
Eiged.skatt	10 000	0	0	4 800	4 857	101
Rammetilskot	77 271	83 235	108	72 710	75 351	104
Ref.stat for kap.utg.	1 142	148	13	1 156	151	13
Momskompensasjon	4 200	4 571	109	7 867	5 242	67
Konsesjonskraft, sal	600	240	40	333	276	83
Andre inntekter	33 667	34 042	101	34 931	25 532	73
Sum driftsinnt.	182 480	173 723	95	174 596	164 742	94
Resultat	8 757			9 854		

Skatt:

Revidert budsjett kr 85 420` på årsbasis. Skatteinngangen for 2011 var på kr 81,8 mill., 2,6 mill høgare enn budsjettet. Avviket mellom budsjettet skatteinngang og faktisk innbetalt skatt for dei åtte første månadene 2012 er på om lag kr 4 mill. Dersom tendensen held fram vil den faktiske skatteinngangen for 2012 verta om lag 83 mill dersom vi er heldige, kr 2,5 mill lågare enn budsjettet.

For landet sett under eitt ser det litt betre ut. Medan Fusa kommune har fått om lag kr 1,8 mill mindre skatteinntekter for årets 8 første månadar (-3,5%) enn tilsvarande periode i fjor har skatteinntektene for resten av landet auka med 4,7 %.

Eigedomsskatt:

Grunna implementering av nytt økonomisystem vart rekningar for 1. halvår sendt ut i sept. Fusa kommune har budsjettet med kr 10 mill. i inntekt frå eigedomsskatten og vi reknar med at innbetalinga vert om lag som budsjettet.

Rammetilskot:

Revidert budsjett 2012 er på kr 115 906`. Om lag eller minst kr 3 240` av desse midlane ser ut for å gå med til samhandlingsreforma.

Reduserte skatteinntekter fører normalt til auka inntektsutjamning eller mindre trekk i inntektsutjamninga. Siste prognose over rammetilskotet utarbeidd av KS etter at skatteinntektene og innbyggjartalet pr 1/1-2012 er vorte kjent men før folketalet pr 1/7 2012 er lagt inn, viser at inntektsutjamninga i rammetilskotet vil auka mindre på grunn av at folketalet er vorte redusert med 40 personar frå 1/1 - 2011 til 1/1 - 2012. Det er likevel folketalet pr 1/1-2013 som vert lagt til grunn for inntektsutjamninga 2012.

Vi mottar rammetilskot i hovudsak på grunnlag av talet på innbyggjarar men og på grunnlag av korleis dei ulike innbyggjarane i inntektssystemet er vekta. Når det gjeld innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga i rammetilskotet er det folketalet pr 1/7-2012 (3819 innb.) som vert lagt til grunn for utrekninga.

Kommunen sitt skattenivå var i 2011 på 93,3% av landsgjennomsnittet. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2012 tilsvarande 60% av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Statsrefusjon for kapitalutgifter:

Dette er midlar som kommunen mottar på grunnlag av tidlegare investeringar innan grunnskule, for psykisk utviklingshemma og psykiatri. Inntektene for 2012 vil verte om lag som budsjettet.

Momskompensasjon:

I samsvar med budsjett har Fusa kommune rekna med å få refusjon for kr 6,3 mill i momskompensasjon for 2012. Dersom inntektene held fram som no resten av året, vil vi kunne oppnå å innkassera momskompensasjon med om lag kr 6,8 mill. Det er for tidleg på året til å veta sikkert kor store inntektene vert, men årsaka til meirinntekta må vera at fleire forseinka investeringsprosjekt er kome i gong. Viser til avsnitt seinare om framdrift på investeringane.

Konsesjonskraft, sal:

Inntekt ved sal av konsesjonskraft er vanskeleg å budsjettere med. Først må vi vite kor mykje konsesjonskraft Fusa kommune nyttar seg av dei 7,1 gwh som Fusa kommune har rett på. Det som vert til overs vert selt. Det er differansen mellom markedspris og fastsett konsesjonskraft som avgjer kor mykje vi får for overskotskrafta. Fusa kommune har budsjettet med kr 900` for 2012 medan det vart innbetalt kr 584` til Fusa kommune for sal av konsesjonskrafta i 2011.

Budsjettbeløpet er nok alt for høgt. Hittil i 2012 har vi motteke kr 240`.

Andre inntekter:

Tabellen viser at utfaktureringa av andre inntekter er betre i rute enn tilsvarende periode i fjor. Vi fakturerer etter anordningsprinsippet. Det vil sei at uteståande beløp vert inntektsført utan omsyn til om dei er betalte eller ikkje. Inntektene gjeld gebyr av ymse slag til betaling for ulike tenester, sjukepengar, ø.mrk. statstilskot, refusjonar, forsikringsoppgjær m.m.

Desse inntektene er ofte større enn budsjettet ved årets utgang. Årsaka til det er at mange av desse inntektene ikkje vert budsjettet i samband med opphavleg budsjett. Budsjettvedlikehald må skje seinare når inntektene vert kjent som til dømes sjukepengar, øyremerka inntekter og forsikringsoppgjær. I samband med øyremerka tilskot hender det at inntektene kjem for seint i året til at dei kan verte nytta. Midlane vert då sett av i rekneskapen for bruk året etter. Dette vil ikkje gå fram av budsjettet.

Då det har vore spørsmål om korleis desse inntektene fordeler seg, har vi laga følgjande tabell som viser fordelinga pr 1/9-2012:

Konto		Beløp	Budsjett	Rev. budsjett	%
16000	Brukarbetaling	-6 883 820,68	-12 191 000	-12 191 000	56,5
16200	Sal av varer, tenester, gebyr mm	-982 957,20	-1 808 000	-1 808 000	54,4
16201	Sal kopiering	-3 329,00	-12 000	-12 000	27,7
16202	Medisinsal	-18 003,00	-38 000	-38 000	47,4
16203	Byggesaksgebyr	-734 886,50	-1 386 000	-1 386 000	53,0
16204	Oppmålingsgebyr	-572 668,00	-1 214 000	-1 214 000	47,2
16205	Gåver	-18 722,00	0	0	0,0
16206	Basar-og lotteriiinntekter	-28 086,00	-20 000	-20 000	140,4
16207	Merkamateriell	0,00	-8 000	-8 000	0,0
16208	Skjenkeavgift	-600,00	-20 000	-20 000	3,0
16290	Billettinntekter	-68 378,10	-92 000	-92 000	74,3
16300	Husleigeinntekter	-2 330 526,00	-3 363 000	-3 363 000	69,3
16401	Årsgebyr	-2 594 629,81	-6 704 000	-6 704 000	38,7
16402	Tilknytningsavgift	13 510,00	-120 000	-120 000	-11,3
16600	Sal av driftsmidlar	-30 000,00	0	0	0,0
16900	Delte utgifter / internsal	-17 775,00	-6 449 000	-6 679 000	0,3
16	Salsinntekter	-14 270 871,29	-33 425 000	-33 655 000	42,4
17001	Fastlønstilskot	0,00	-335 000	-335 000	0,0
17006	Andre ref. frå staten	-888 682,07	-504 000	-504 000	176,3
17007	Øyremerka statstilskot	-8 922 139,00	-8 801 000	-8 801 000	101,4
17100	Refusjon sjukeløn	-4 408 745,00	0	-1 598 000	275,9
17101	Refusjon fødselspengar	-592 937,99	-621 000	-862 000	68,8
17102	Refusjon feriepengar	-312 926,00	0	-140 000	223,5
17300	Refusjon frå fylkeskommunen	-2 211 444,13	-155 000	-155 000	1426,7
17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 581 766,48	-3 018 000	-3 018 000	52,4
17501	Refusjon interkomm.selskap	0,00	-183 000	-183 000	0,0
17701	Andre ref. og overf. frå private	-204 151,22	-329 000	-329 000	62,1
17703	Telefongodtgj.,ikkje oppg.pl	0,00	-114 000	-114 000	0,0
17900	Internsal	0,00	-806 000	-806 000	0,0
17	Refusjonar	-19 122 791,89	-14 866 000	-16 845 000	113,5
18107	Andre statlege tilskot	150 000,00	0	0	0,0
18300	Overføring frå fylkeskommunen	-798 000,00	0	0	0,0
18	Overføringer	-648 000,00	0	0	0,0
		-34 041 663,18	-48 291 000	-50 500 000	67,4

II Litt finansrapportering, rente og avdrag, status pr 1. tertial:

Fylkesmannen har i rundskriv tilrådd at vi må leggje opp til å betala minimum 4% av lånegjelda i åra som kjem. For 2012 har kommunen vedteke å betale kr 7 205` i avdrag.

Kr 7 205` vil oppfylle minimumskravet for ordinære avdrag. Den flytande utlånsrenta har auka frå 2005 og fram til hausten 2008 for deretter å falla vesentleg fram til eit botnnivå på 1,96% pr september 2009. Deretter har utlånsrenta auka litt etter kvart og i skrivande stund er den på 2,52%, same nivå som rapportert pr 1. tertial-2012. Gjennomsnittrenta på alle låna er no på 3%. I økonomiplanen for 2012 – 2015 har vi rekna 4% lånerente på nye lån. Med det har vi ein liten buffer dersom utlånsrenta går opp.

Det er usikkert korleis renta vil utvikla seg i tida som kjem, men nokre analytikarar trur at renta vil halda seg låg eit år fram i tid for deretter å auka litt etter kvart i åra som kjem. Fusa kommune har 5 fastrentelån: Låna hos Husbanken, tils. kr 4 053` er fastrentelån til 3,1% rente med bindingstid fram til 01.12.15. I Kommunalbanken har vi tre fastrentelån; det eine på kr 31 mill til 3,9% har bindingstid fram til 1/7-2014, det andre på kr 14,9 mill. til 3,83% har bindingstid fram til 10.12.12 og det tredje på kr 17,7 mill. til 3,36% har bindingstid fram til 02.12.13. Det femte fastrentelånet i KLP til 3,58% på kr 20,6 mill har bindingstid fram til 09.12.16.

Fusa kommune får også betalt for innskotsmidlane som er plassert i bank til einkvar tid. I 2. tertial var innskotsrenta for kommunen sine bankinnskot på 3,3%.

Tabellen nedanfor viser stort sett samsvar mellom budsjett og forventa rente og avdragsutgifter for 2012 Status for rente og avdragsutgiftene ser da slik ut:

Årstal	2012
Forventa renteutgifter	6085
Forventa renteinntekter	1500
Nettorente	4585
Budsjett 2012	5219
Forventa innsparing	-634
Forventa avdragsutg., 4%	7628
Budsjett 2012	7205
Forventa auke	423

III. Utgiftssida si utvikling (ekskl. finansutg.og interne overføringer):

(Tal i 1000 kr og bruttotal dersom ikkje anna framgår.)

	PERIODE- BUD. 2/12	PERIODE- REKN.2/12	%	PERIODE- BUD. 2/11	PERIODE- REKN.2/11	%
Løn	133 255	132 493	99	113 144	118 835	105
Vare/tenestekjøp	25 921	19 489	75	27 317	24 476	90
Overføringer	5 680	8 588	151	6 342	4 837	76
Tilskot	8 085	10 776	133	7 379	11 451	155
Sum	172 941	171 346	99	154 182	159 599	104
Resultat	1 595			-5 417		

Tabellen viser bortsett frå ”overføringer” at samla forbruk i høve til budsjett har vorte betre i høve tilsvarende periode i fjor.

Overforbruket på overføringer skuldast dels at heile tilskotet til Fusa sokneråd for 2012 er bokført, dels at mange overføringer vert dekkja av eksterne refusjonar i ettertid. Overføringane er derfor under kontroll.

Det er likevel for tidleg å sei korleis situasjonen vil utvikla seg resten av året. Dette gjeld både løns og pensjonsutgiftene. Elles har det mykje å sei korleis dei utgiftene som har gått med grupperer seg, om dei representerer eingongsutgifter eller utgifter som fordeler seg over heile året. Totalt sett er det ein pressa situasjon og einingane/dei med budsjettansvar må følgje utviklinga nøye i tida som kjem.

IV Driftsutviklinga 1. tertial 2012 rekneskap i høve til budsjett 2012 og rekneskap 2011 for dei ulike einingane/ansvarsområda:

År - 2012 Periode tom - 08:

Ansvar		1/9 - 2012	1/9 - 2011	2011	Opph bud 2012	Rev bud 2012	%
10	Folkevalde organ og revisjon	2 513 498,93	3 006 049,10	3 509 216,04	4 255 000	4 255 000	59,1
11	Sentraladministrasjonen	4 864 639,65	4 103 813,09	7 394 570,03	8 258 000	8 258 000	58,9
12	Adm.lokale og fellesutg.	7 567 098,66	8 221 913,67	11 066 189,94	18 342 000	18 342 000	41,3
13	Felles skuler og barnehagar	3 960 868,71	2 873 109,96	5 445 107,42	7 160 000	7 160 000	55,3
14	Byggjesak, oppmåling og brann	3 595 652,61	3 166 133,02	4 929 108,12	4 024 000	4 024 000	89,4
15	Kyrkja mm	3 567 000,00	3 454 000,00	3 520 791,32	3 647 000	3 647 000	97,8
16	Kulturskulen	1 358 919,30	1 071 614,81	1 840 641,37	2 300 000	2 300 000	59,1
17	Kultur og idrett	1 492 450,96	783 810,09	2 745 288,69	2 903 000	2 903 000	51,4
18	Legetenesta	3 902 801,20	4 250 295,06	6 476 536,17	5 259 000	5 409 000	72,2
22	Fusa ungdomsskule	9 798 715,62	9 562 808,91	14 941 280,64	14 740 000	14 708 000	66,6
23	Nore Fusa oppvekstsenter	5 008 348,90	4 624 605,57	7 406 258,27	8 206 000	8 180 000	61,2
24	Jettegryto barnehage	3 194 648,40	3 120 885,52	5 003 324,76	5 012 000	5 084 000	62,8
25	Eikelandsosen skule	5 375 205,02	4 880 234,72	7 400 049,63	7 329 000	7 413 000	72,5
26	Holdhus oppvekstsenter	4 989 739,92	4 458 557,30	7 026 555,18	8 152 000	8 127 000	61,4
27	Søre Fusa oppvekstsenter	3 957 782,76	3 561 024,50	5 904 496,49	6 032 000	6 014 000	65,8
28	Strandvik oppvekstsenter	4 141 937,08	3 817 313,08	6 088 510,80	6 241 000	6 221 000	66,6
29	Fusa oppvekstsenter	6 114 901,18	6 410 165,36	9 382 681,10	9 898 000	9 863 000	62,0
32	Barn, familie og velferd	7 085 075,48	7 025 797,06	11 191 000,57	12 018 000	12 018 000	59,0
33	Heimetenester	18 476 484,38	23 229 987,22	28 361 129,49	32 460 000	32 460 000	56,9
34	Rehabilitering	3 582 451,98	2 972 770,65	4 853 885,51	5 328 000	5 328 000	67,2
35	Fusa bu og behandlingssenter	25 154 705,19	21 735 375,34	34 805 617,60	35 648 000	35 648 000	70,6
42	Teknisk drift	3 972 537,23	6 343 983,47	6 594 757,21	4 817 000	5 067 000	78,4
60	Landbruk	1 416 120,88	1 347 872,88	1 273 760,45	1 127 000	1 357 000	104,4
9	Skatt, rammetilskot, finansar mm	-127 409 607,58	-123 998 371,37	-197 160 756,80	-213 156 000	-213 786 000	59,6
1		7 681 976,46	10 023 749,01	0,00	0	0	0,0

KOMMENTARAR:

Generelt om alle einingane/ansvarsområda:

Den generelle årslønsveksten 2011 – 2012 for kommunesektoren var i statsbudsjettet rekna til 4 % for deretter å verta redusert til 3,75% i revidert nasjonalbudsjett.

Budsjettansvara/einingane har ikkje fått kompensasjon for lønsauke som følgje av sentrale og lokale forhandlingar. Dette vert det jobba med og vi reknar med å finna dekning frå tilleggs løyvingsskonto. Ein reknar og med å finna dekning for auka pensjonsutgifter og reguleringspremie i 2012 frå tilleggs løyvingsskonto dersom resultatet ikkje går utover rammene som vart sett i statsbudsjettet.

Det er utarbeidd rekneskapsrapport som detaljert og i samandrag gjev status og oversikt over alle einingar og budsjettansvar. Ein er stort sett a jour med føring av utgifter og inntekter i høve tilsvarende periode på same tid året før, bortsett frå eigedomsskatten som ikkje vart utfakturert før i september. Ein er derimot ikkje a jour med internføringa, avsetjingar og finansiering av drifta - dette er likevel heilt normalt på denne tida. Da lønsutgiftene utgjer om lag 70 % av netto driftsutgifter er det derfor viktig at alle ansvarsområda følgjer godt med på lønsutviklinga i løpet av året.

Fusa kommune har vedteke nettobudsjettering for verksemda. *Det vil sei at bruttoutgiftene vert korrigerert for inntektene med omsyn til om det er oppnådd budsjettbalanse eller ikkje.* Mange av inntektene vert ikkje kjent før på slutten av året. I kommentarfeltet til einingane er brutto driftsutgifter kommentert for fleire av einingane i tillegg til netto driftsutgifter. Årsaka er at kvaliteten på talmaterialet for bruttoutgiftene så langt i året er betre enn tilsvarende talmateriale for bruttoinntektene.

Nokon av einingane har utfordringar med å få tak i nok folk både faglærte og ufaglærte. Dersom kommunen i større omfang må ut å kjøpa tenester hos private tilbydarar for å avhjelpe etterspurnaden på arbeidskraft kan det verta dyrt for kommunen.

Det er kome til ei auka meirkostnad til Jondal kommune i samband med ein brukar av omsorgstenester. Viser til F-sak 22/2012 om dette. Dei årlege meirutgiftene er på ca 538 000. For 2012 har vi restavsetjing til dekning av kr 250 000 slik at vi må finna dekning på kr 288 000 for 2012.

Fusa kommune har vedteke i k-sak 46/2012 at kommunen skal ta opp startlån med kr 4 mill til vidare utlån. Dette er ein samansett sak som det vil ta noko tid å få etablert på ei god måte og ressursar må stillast til disposisjon frå oppstart. Involverte partar i arbeidet frå Fusa kommune vil verta sosialkontoret og rådmannen sin stab.

Denne gongen har vi ikkje fått tid til å ta ut rapport på sjukefråvær. Vi møtte på eit problem som gjer at det vil ta tid å få løyst feilen.

Kvar av einingane/ansvarsområda:

10	Folkevalde og revisjon	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
11	Sentraladm.	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis
12	Adm.lokale og fellesutg.	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis
13	Felles skular og barnehagar	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis
14	Byggjesak, oppmåling,brann	Netto overforbruk pr 1/9 er alt for høgt. I 2010 og 2011 var det meirforbruk. Ein ventar mykje gebyrinntekter og sjukepengar som vil betre på budsjettsituasjonen. Utgifter til feiing vart ikkje utgiftsført i 2011. På grunn av krav om sjølvkostprinsippet vert dette korrigerert i 2012 ved at utgiftene både i 2011 og 2012 vert kostnadsført i 2012. Kostnaden for 2011 inntil kr 489 247,- vert dekket av disposisjonsfond. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk.
15	Kyrkjjer	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
16	Kulturskulen	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
17	Kultur og idrett	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
18	Legetenesta	Netto overforbruk pr 1/9 er alt for høgt. I 2010 og 2011 var det meirforbruk. Det er på lønsområdet at meirforbruket er størst. Det har gått føre seg ei omorganisering av legetenesta med tanke på innsparing. Dette vil enno ta tid og det vil derfor verta vanskeleg å oppnå budsjettbalanse i 2012.

22	Fusa ungdomsskule	Netto forbruk pr 1/9 er for høgt i tillegg er brutto driftsutgifter. Bruttoforbruket er om lag som for tilsvarende periode i fjor medan nettoforbruket er litt betre men framleis alt for høgt. 2010 og 2011 vart avslutta med meirforbruk. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk.
23	Nore Fusa oppvekstsenter	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
24	Jettegryto barnehage	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
25	Eikelandssosen skule	Netto forbruk pr 1/9 er for høgt. I tillegg er brutto driftsutgifter for høge. Det er lønsutgiftene som er for høge. I 2011 hadde eininga meirforbruk. Eininga slit ein del med ekstrautgifter som er kome til etter budsjettvedtak for 2012. Meirutgiftene er knytt til einskildelevar som har rett på oppfølging etter opplæringslova og ulike tiltak i samband med dette. Det er ikkje budsjettdekning for delar av meirutgiftene og eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk.
26	Holdhus oppvekstsenter	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis
27	Søre Fusa oppvekstsenter	Forbruket pr 1/9 er for høgt. Eininga reknar med at overføring av midlar frå fellesbudsjettet til barnehagen vil avhjelpa situasjonen. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk
28	Strandvik oppvekstsenter	Netto forbruk pr 1/9 er for høgt. Forventa auka inntekter frå NAV vil avhjelpe budsjettsituasjonen. Eininga hadde meirforbruk både i 2010 og 2011. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk.
29	Fusa oppvekstsenter	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
32	Barn, familie og velferd	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
33	Heimetenester	Ok, sannsynleg budsjettbalanse på årsbasis.
34	Rehabilitering	Netto forbruk pr 1/9 er for høgt medan brutto driftsutgifter er ok. Dette skuldast i hovudsak at inntekter frå fastlønstilskot vert innbetalt på etterskot. I tillegg er det krav på uteståande brukarbetaling som enno ikkje er innbetalt. Vi reknar derfor med budsjettbalanse på årsbasis.
35	Fusa bu og beh. senter	Forbruk pr 1/9 både netto og brutto er alt for høgt. Forbruket er høgare enn på same tid i fjor og da fekk eininga overforbruk på årsbasis. Eininga har etterslep på inntekter som vil avhjelpa noko på situasjonen. I tillegg vil endringar på drifta føra til mindre utgifter. Samstundes merker eininga meirarbeid på grunn av samhandlingsreforma med auka utskrivning av pasientar frå sjukehus. Eininga har framleis rekrutteringsproblem og må bruka mykje bruk av ekstrahjelp. Eininga må jobba aktivt resten av året for å unngå budsjettsprekk.
42	Teknisk drift	Netto forbruk pr 1/9 er alt for høgt medan brutto driftsutgifter er ok. Dette skuldast at ein del årsgebyr er vorte forseinka. På denne bakgrunn vert det forventa budsjettbalanse på årsbasis.
60	Landbruk	Netto overforbruk pr 1/5 er alt for høgt, medan bruttoutgiftene er ok. Dette skuldast at ein ligg på etterskot i samband med refusjonskrav. Når inntektene er på plass reknar ein med budsjettbalanse på årsbasis.

INVESTERINGSBUDSJETTET.

Prosjektrapport pr 1.9.12

Trafikksikring RV552-Opsalmarka - Prosjekt 070

Endring etter førre rapport: Der blir arbeidd med ekstern finansiering av tilleggskostnaden.

Bygging av gangbru over RV552 med gang- og sykkelveger langs RV552 og langs veg til Opsalmarka har vore ute på anbod med anbodsopning 16.02.12. Det kom inn 2 anbod. Sum alle fag, prosjekteringskostnader, uforutsette utgifter mm. er brutto kr. 1 100 000,- høgare enn løyvd til trafikksikringstiltak.

Til prosjektet 070, trafikksikring vegar, kryss RV552/Opsalmarka, er det løyvd 4,1 millioner kroner. Av disse er kr. 325 000,- brukt på trafikksikringstiltak (reguleringsplanar) på Rød, Holdhus og Baldersheim. Prosjektet mangler dermed en finansiering på kr. 1 425 000,-. Prosjektet er eit veganlegg der det berre skal betalast meirverdiavgift på varer. Meirverdiavgifta er rekna til kr. 500 000,-. Avgifta kan variera litt avhengig av korleis entreprenøren utfører jobben.

Prosjekteringsarbeidet som er utført er grundig gjennomgått, og forslag til endringar for å få ned totalcostnader er oversendt for statistisk berekning.

Vi arbeider for å få inn en fastpris på ny løysning i løpet av veke 36/37. Fusa Kraftlag har sagt seg villig til å ta kostnaden med å leggje høgspenning i grøft. Med en fastpriskontrakt som er lågare enn anbodssum, redusere post for uforutsette utgifter og tilskott frå Fusa Kraftlag vil behovet for tilleggsløyvingar bli vesentleg redusert.

Budsjett:

2010	2011	2012	2013	2014	Sum
2 500 000	1 100 000	500 000			4 100 000

Nore Fusa Oppvekstsenter – prosjekt 161

Kommunestyret vedtok i juni utbygging av barnehage med 3 basar og 60 plassar.

Etter vedtak om investeringsstopp har det ikkje vært aktivitet på byggjeplassen.

Anbudsbeskrivelse blir no utarbeidd av Teknisk Drift i samarbeid med arkitekt. Arkitekt sender teikningsmaterieil og funksjonsbeskrivelse for godkjenning til Arbeidstilsynet. I løpet av hausten vert alle fag lagt ut på Doffin med planlagt anbudsåpning før formannskapsmøte i november.

Budsjett:

2009	2010	2011	2012	2013	Sum
2 000 000	250 000	4 375 000			6 625 000

Fusa Symjehall – prosjekt 241

Det har ikkje vore aktivitet på byggeplassen sidan mai. Samarbeidet med murarfirma er avslutta og økonomisk oppgjer ferdig.

All riving og oppbygging av nye konstruksjonar er på det nærmaste ferdig, og klar for fliselegging.

Gjenstående mur- og flisarbeid med meir har vore kunngjort på Doffin som totalentreprise. Anbudsåpning er sett til 10.09.12. Gjennomgang av innkomne tilbud no viser at kommunen har fått gode prisar på det mur og flisarbeidet som står att.

Inklusiv kostnad med ny takteking på eit lite flatt tak over del av symjehallen og tetting av ein yttervegg med lekkasje inn i symjehallen vil behovet for auka løyving vera kr 500 000.

Sidan arbeida vil bli fullført i første del av 2013 kan desse midlane løyvast på 2013-budsjettet.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
7 700 000					7 700 000

Eikhovdaheimen - Prosjekt 250

Grunnarbeid er ferdig og rivingsarbeid for å gi tilkomst til betongarbeid pågår.

Ventilasjonsaggregat og brannvarslingsanlegg er under utskifting.

Areal for base til heimetenesta har høgste prioritet. Før nye lokale for heimetenesta står klar, kan ikkje entreprenørar få effektiv framdrift i sine arbeid.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
9 300 000					9 300 000

Kommunale vegar

Då vegen til Kleppe vart utbetra vart det utegløymd kostnad til erstatning av eit uthus som vart rive for å gje plass til ny vegtrase.

Det er no i sommar kome til semje om erstatningssum på kr 125.000. Dette er det ikkje budsjett til.

Skred Skåtun

Steinskredet på Skåtun i april 2010 har i 2012 medført kostnadar til kartlegging av vidare skredfare i området. Så langt er det brukt kr 87 000, det er forventa at denne summen vil auka i samband med prosjektering av sikringstiltak. Det må forventast ein kostnad på inntil kr 200 000 i 2012 på denne saka.

Oppsummering:

Frie inntekter, momskompensasjon m.m.:

Når det gjeld dei frie inntektene er den økonomiske situasjonen pr 1/9 vorte forverra i forhold til i fjor.

Når skatteinntektene for resten av landet vert høgare enn først estimert, kan vi i håpa på auka inntektsutjamning i rammetilskotet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet med 4,5% medan den faktiske inngangen fram til no er 4,7%. På den andre sida er innbyggjartalet redusert og det trekk i motsett retning. Vi reknar no med at skatteinntektene vil verta bortimot kr 10 mill lågare enn opphavleg budsjettert. Som kjent vart skatt og rammetilskot nedjustert i samband med 1. tertialrapport med kr 3 mill. netto (skatteinntektene vart redusert med kr 7 676⁶ og rammetilskotet vart auka med kr 4 676⁶). Vi frykter for at reduksjonen ikkje var stor nok og at det no kan sjå ut for at skatteanslaget for 2012 ikkje vil verta høgare enn kr 83 mill. eller kr 2,4 mill lågare enn revidert budsjett.

Når vi i tillegg til reduserte inntektsrammer ikkje har ledige disposisjonsfondsmidlar til å setja inn, vert situasjonen alarmerande, sjå nedanfor under fondsmidlar.

Når det gjeld inntekter frå momskompensasjonen, ser det no ut til at det vil gå betre enn i fjor og at vi kan kanskje håpa på inntektsauke på kr 0,5 mill i forhold til budsjettert. Dette er avhengig av at vi får på plass budsjetterte inntekter frå momskompensasjonen og at framdrifta på investeringane ikkje vert forseinka. No er det slik at auka inntekter frå momskompensasjonen berre vil avhjelpa driftssituasjonen delvis av di 60% av inntektene skal inntektsførast i investeringsrekneskapen.

Lønsoppgjøret:

Vi hadde rekna med 4 % lønsauke i 2012. I revidert nasjonalbudsjett for 2012 er lønsveksten rekna til 3,75 % medan den siste prognosen frå SSB viser 4,2% auke. Fusa kommune held på med å utarbeida konsekvensrapport av lønsoppgjøret for alle einingane. Dette arbeidet er ikkje ferdig. Dei reviderte budsjetttrammene etter lønsoppgjøret er derfor uklart, men vi reknar med at meirkostnaden vert dekkja av tilleggs løyvingsskonto. Fusa kommune har uansett ikkje midlar til å møte meirutgifter utover det som var stipulert i samband med framlagt statsbudsjett hausten 2011.

Driftsrammer:

Fusa kommune hadde eit meirforbruk samla sett for alle einingane i 2011. Oversikta i rapporten viser at fleire einingar enno slit med å oppretthalde budsjettbalansen. Fusa kommune må treffa tiltak dersom ein vil unngå meirforbruk på einskilde einingar.

Fylkesmannen, skriv m.m.:

Fylkesmannen har i ulike skriv påpeika at Fusa kommune må opparbeida eit positivt netto driftsresultat på 3% av driftsinntektene i samsvar med KS sin anbefaling. Det er viktig for å kunna setja av midlar til å møte ei mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette viser at Fusa kommune må halde fram med effektivisering av verksemda.

Som kjent er det i vedteke økonomiplan for 2013-2015 budsjettert med driftsunderskot på bortimot kr 4 mill. , så i forhold til fylkesmannen sine skriv har vi langt igjen før vi når målet om 3% .

Fondsmidler:

Årsrekneskapen for 2011 syner at konto for disposisjonsfond, driftsføremål ledige midlar er vesentleg redusert. Kontoen vart i 2011 redusert med kr 8,3 mill til kr 4,7 mill.

I løpet av 2012 er kontoen så godt som tømt. Det står berre ca kr 1,4 mill att på fondskontoen pr 01.09 - 2012.

Situasjonen med så få ledige fondsmidler er alvorleg med tanke på at kommunen sårt treng buffer dersom uventa situasjonar med meirutgifter eller inntektssvikt skulle oppstå.

Det er slike uventa situasjonar som vi no er oppe i. Vi har no ikkje midlar frå disposisjonsfondet til å dekkja mindreinntekter frå skatt og rammetilskot. Meirutgifter til Jondalsaken kr 288 000 for 2012 og investeringane som gjeld Kleppsvegen kr 125 000 og skredsaka på Skåthun kr 200 000 er det ikkje pengar til dersom resten av disposisjonsfondet vert nytta til å dekkja sviktande skatteinntekter. Men beløpa må utbetalast, så kommunen må prioritera.